

Spørsmål til kandidater ved bispedømmerådsvalet 2023

Takk for at du stiller til valg!

Fagforbundet er den største arbeidstakerorganisasjonen i fellesrådlinja i Den norske kirke. Men vi har også medlemmer blant alle yrkesgrupper i begge arbeidsgiverlinjer og en egen fagforening for prester, teologene. Vi er opptatt av at hele arbeidsfellesskapet skal ha en jobb de kan leve av og med og at alle skal få utvikle seg som fagpersoner.

For at medlemmene skal ha et best mulig beslutningsgrunnlag i kirkevalget, har vi formulert noen spørsmål om temaer som ikke gis så mye oppmerksomhet andre steder.

Lykke til, og på forhånd takk!

Spørsmål til bispedømmerådskandidater

Navn: Dag Sele

Bispedømme: Bjørgvin

Liste: 1.-plass på nominasjonskomiteen si liste

1

Hva legger du i begrepet *tverrfaglighet* i kirkelig sammenheng? Hvordan kan tverrfaglig samarbeid ute i kirkestabene bli bedre?

Svar:

Dei mange stabane i den norske kyrkja er eit utprega eksempel på (oftast) svært godt tverrfagleg arbeid. Her er ofte høgt utdanna fagpersonar, som har få kolleger av same profesjon, men som får svært gode resultat gjennom nettopp å utfylla kvarandre sin kompetanse.

Nettopp det å utfylla kvarandre med den kompetansen den enkelte har er godt tverrfagleg arbeid og minst mulig slik at alle skal gjera alt.

Det er alltid potensiale for betring og kanskje kan det skje gjennom enno betre fokus på å utnytta kollegaen sine sterke sider og kompetanse. Og så trur eg at mest mogleg heilskapleg leiing av heile den lokale staben vil vera ein styrke.

2

Den norske kirke står i en særstilling blant trossamfunnene. Et eget kapittel i trossamfunnsloven, delt finansiering der kommunene finansierer den største andelen og gravplassansvaret er tre viktige elementer i dette. Hvilke muligheter og hvilket ansvar mener du følger denne særstillingen?

Svar:

Eit openbert ansvar, i tillegg til oppdraget me har frå Mesteren, er eit ansvar for å forvalta den offentlege støtta best mogleg og til beste for alle som ønskjer å delta i arbeidet vårt. Når det gjeld gravplassansvaret blir det særleg tydeleg at me gjer eit arbeid på vegne av heile lokalsamfunnet, ikkje berre eigne medlemer.

3

Hvilken betydning mener du gravplassforvaltningen har for lokalkirken?

Svar:

Eg tenker det har stor betydning for både lokalkyrkja og lokalsamfunnet. På denne måten får kommunen utført oppgåvene knytt til gravplassane med ein spesielt sterk faglighet og kyrkja får eit

viktig kontaktpunkt mot heile folket, ikkje berre eigne medlemmer. Som fellesrådsleiar er eg særleg oppteken av at dette arbeidet lett kjem i skuggen av anna kyrkjeleg arbeid.

4

Er det viktig for deg at fellesrådet beholder denne allmenne tjenesten? Har du tanker om hva som vil kreves av fellesrådet fremover for å kunne ivareta denne oppgaven til beste for alle innbyggere i kommunen?

Svar:

Ja, det ser eg som svært viktig, jfr. Svar på spm. 4.

Eg tenker at det er viktig at Fellesrådet både vektlegg profesjonalitet i arbeidet og ikkje minst å marknadsføra dette viktige arbeidet og kompetansen me har, overfor kommunen.

5

Det er mye deltid blant ansatte i menigheter og fellesråd. Hvordan kan flere fellesrådsansatte få større/hele stillinger?

Svar:

Det er viktig å begrensa uønska deltid generelt i samfunnet og utfordringa blir ekstra stor når me har mange små fellesråd, med tilsvarande små lønsressursar. I slike samanhengar har me lokalt erfaring for at fleksibel utnytting av kompetanse innanfor fleire felt, som t.d. diakoni og trusopplæring, kan gi større stillingar. Det er då samtidig viktig at dette skjer i nær dialog med dei aktuelle tilsette og dei ulike fagmiljøa, slik at ein ikkje utvatnar faga sin eigenart.

Elles er samarbeid mellom sokneråd, kanskje også mellom små fellesråd, ein måte å gå fram for å få større stillingar. Det er mange grunnar til at slikt samarbeid kan utforskast meir, der det er eit lokalt ønskje om det.

6

Hvilken betydning mener du ansattes medbestemmelse og mulighet til påvirkning blir for en vellykket utredning og implementering av den nye kirkelige organiseringen?

Svar:

Dette er heilt avgjerande. Me er mange som har etterlyst formelle fora for medverknad i dei prosessar som har vore og peika på at det er lagt opp til at dette kjem noko seint i prosessen. Lokalt har me, etter råd frå KA, hatt møte medllom tillitsvalde og kyrkjeverje/fellesrådsleiar under vegs og det tenker eg blir svært viktig også framover.

7

Hvor mener du de største utfordringene ligger i Kirkemøtets arbeid med ny kirkelig organisering?

Svar:

Eg meiner mellom anna at ein la opp til å vedta ei vag og udefinert ordning med felles og sidestilt leiing altfor tidleg blant dei vedtaka som skulle gjerast. Det vil vera enklare å finna gode grensegangar og god samleiing lokalt når oppgåvene og rollene til både tilsette og folkevalde er noko meir avklart i prosessen.

Slik saka har utvikla seg i det siste, trur eg imidlertid at det no er best om Kyrkjemøtet tek eitt steg tilbake og spør seg sjølv kva som eigentleg var problemet som skulle løysast.

Mitt inntrykk er at lokal leiing svært mange stader allerede fungerer svært godt, i samarbeid mellom kyrkjeverje og sokneprest/prost. Truleg kan det betrast, ikkje minst dei stadene der det kan dukka opp konflikhtar eller andre problemstillingar, dersom det blir gjort justeringar med element av det som ligg i saka, kanskje utan dei store omveltningane.

8

Hva er viktigst for deg i det videre arbeidet med organiseringsspørsmålet?

Svar:

Eg tenker at det er svært viktig at me opprettheld og styrker lokalkyrja og tanken om at det er i sokna kyrkja lever og blir bygd frå. Me må begrensa sentralstyring til det nødvendige, slik at både leiing og avgjerder generelt blir teke på så lågt nivå som det er tenleg og på så sentralt nivå som det er nødvendig.

Og så er det viktig at me får ei løysing som er så god og kjem såpass raskt at me får frigjort energi og ressursar til våre primære oppgåver 😊

PS

Takk for at de vektlegg spørsmål som framstår viktigare enn mykje av det som får merksemd i media!